

# H O V U D U T S K R I F T

## FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

### STYREMØTE

---

Møtedato: 5. november 2020

Tidspunkt: kl. 1300 – 1400

Som medlemmer møtte: George Fulford, Margareth Leinebø, Anne Holstad, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Arnljot Muren og Camilla Storøy

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr. S56/20 – S58/20

---

#### **Vedtaksaker:**

---

#### **SAK NR S56/20 GODKJENNING AV PROTOKOLLEN FRÅ 6. OKTOBER 2020**

##### **Tilråding til vedtak:**

Protokollen frå styremøtet 6. oktober 2020 vart godkjend og signert.

##### **Styrehandsaming:**

##### **Vedtak, samr.:**

Protokollen frå styremøtet 6. oktober 2020 vart godkjend og signert.

---

#### **SAK NR S57/20 BRANNTILSYNET OG ANDRE KONTROLLAR UTANFRÅ**

SSR er godt kontrollerte. Berre siste to vekene er det tre aktuelle kontrollar som er forsøkt handsama. Det er følgjande:

- Branntilsyn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Ulstein og Hareid Brannvesen
- Komande kontroll frå Arbeidstilsynet (som kjem hit 10/11-2020).
- Etterkontroll etter selskapskontrollen i eit av kontrollutvalga.

Styret kan diskutere saka på vanleg måte (utan tilråding frå administrasjonen).

##### **Tilråding til vedtak:**

## Styrehandsaming:

### Vedtak, samr.:

Styret vedtok følgande vedr. branntilsynet:

1. Styret føreset at alle offentlegrettslege krav skal etterlevast fullt ut.
2. Tiltaka for å rette avvika skal prioriterast.
3. Før fylkesmannen får svar skal svarbrevet sendast til styret for gjennomsyn.
4. Det skal settast opp ein plan for å lukke avvika i løpet av november 2020. Denne skal sendast til styret før styremøtet primo desember 2020.
5. Ved seinare kontrollar skal kontrollrapporten sendast til styret.

---

## **SAK NR S58/20 NYE ORDNINGAR FOR GREIN- OG HAGEAVFALL**

Nok ein gang kjem denne saka oppatt i styret. Noverande ordning har vi hatt sidan 1. januar 2017 (vedtatt i representantskapet 17/11-2016). For å løyse den nye utfordringa kan følgande ordning vere eit alternativ:

### **GREIN- OG HAGEAVFALL RETNINGSLINJER FRÅ 1. JANUAR 2021**

- **Ingen endringar for hushaldningskundar:**
  - Inntil 250 kg inkludert i gebyret (som før)
  - Betaling for alt over 250 kg pr. lass
  - Røter, jord, stein, aur, sand, etc. er betalingsfraksjonar (som før)
- **Nye reglar for næringskundar:**
  - Betaling for alt frå første kilo
  - Alle som leverer får spørsmål på vekta/greinplassen om dei leverer som næring eller privat.
  - Ved mistanke om at nokon utnyttar systemet, skal den som er på jobb melde frå til driftsansvarleg, som igjen orienterer dagleg leiar. Administrasjonen tek deretter kontakt med den aktuelle bedrifta for å undersøke nærmare.

---

Ved denne løysinga unngår ein at den som er på jobb/møter kunden må ta ein heil haug med skjønsmessige vurderingar. Ansvar for å ha oppgitt feil informasjon, og dermed utnytta spleiselaget til fellesskapet, ligg hjå den enkelte kunde.

Konsekvensar / eventuelle krav i etterkant av avdekt misbruk må diskuterast nærmare, eventuelt forankrast i styret.

Dei mest kjende næringskundane må på førehand få beskjed om endringa.

Det er viktig at spørsmålet næring/privat blir stilt ved kvar einaste levering, slik som vi per dags dato uansett gjer på miljøstasjonane. Vi jobbar samtidig mot ei framtidig løysing med digitalt miljøkort / QR-kode der det blir lettare å skille hushaldning og næring, og dermed unngå misbruk. Eit slikt hjelpemiddel vil også vere med på å løyse den same utfordringa vi har med at enkelte næringsaktørar utgir seg for å vere privatkundar på ein av dei mest kostnadskrevjande fraksjonane våre, farleg avfall.

Administrasjonen legg ikkje fram tilråding i saka.

### **Tilråding til vedtak:**

### **Styrehandsaming:**

Det vart ein diskusjon i styret rundt vektgrensa, digitalisering og kva som kan reknast som næring gjennom køyretøyet (varebil, liten lastebil, traktor, etc.). Styret vedtok også å fjerne grensa på 250 kg på hushaldning.

### **Vedtak, samr.:**

1. Vektgrensa på 250 kg blir fjerna på hushaldning.
2. Næring skal betale.
3. Digitale løysingar bør kome på plass raskast mogleg.
4. Endringa skal gjelde frå 1. januar 2021.

-----  
-----  
Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, 5. november 2020

  
George Fulford  
styreleiar

  
Margareth Leinebø

  
Anne Holstad

  
Kjartan Grimstad

  
Bjarte Uglum

  
Einar Heimdal  
dagleg leiar